

Oversettelse

KONVENSJON NR. 167 OM TRYGGLEIK OG HELSE I BYGGJE- OG ANLEGGSSVERKSEMD

Generalkonferansen i Den internasjonale arbeidsorganisasjonen, som av Styret for Det internasjonale arbeidsbyrået er kalla saman i Genève og har møtt der til sin 75. sesjon 1. juni 1988, og som merkar seg dei internasjonale konvensjonane og rekommandasjonane på området, særleg konvensjonen og rekommandasjonen av 1937 om tryggingreglar i byggjeverksemd, rekommandasjonen av 1937 om samarbeid om førebygging av ulukker i byggjeverksemd, konvensjonen og rekommandasjonen av 1960 om sikring av maskinar, konvensjonen og rekommandasjonen av 1967 om maksimumsvekt, konvensjonen og rekommandasjonen av 1974 om kreft i arbeidslivet, konvensjonen og rekommandasjonen av 1977 om luftureining, støy og vibrasjon i arbeidsmiljøet, konvensjonen og rekommandasjonen av 1981 om tryggleik og helse i arbeidslivet, konvensjonen og rekommandasjonen av 1985 om bedriftshelseteneste, konvensjonen og rekommandasjonen av 1986 om asbest og lista over yrkessjukdommar, slik ho blei revidert i 1980 og knytt til konvensjonen av 1964 om stønad ved yrkeskade, og som har avgjort at han vil vedta visse framlegg som gjeld tryggleik og helse i byggje- og anleggsverksemd, det fjerde punktet på saklista for sesjonen, og som har fastsett at desse framlegga skal ha form av ein internasjonal konvensjon som reviderer konvensjonen av 1937 om tryggingreglar i byggjeverksemd, vedtek i dag den 20. juni 1988 følgjande konvensjon, som kan kallast Konvensjonen om tryggleik og helse i byggje- og anleggsverksemd, 1988.

*I. Omfang og definisjonar**Artikkel 1*

1. Denne konvensjonen gjeld all byggje- og anleggsverksemd, dvs. byggje- og anleggsverksemd og oppførings- og rivingsarbeid, medrekna alle prosessar, all drift eller transport på ein byggje- eller anleggsplass, frå førebuing av plassen til fullføring av prosjektet.

2. Ein medlemsstat som ratifiserer denne konvensjonen, kan gjere unntak frå gjennomføring av han eller frå visse reglar i han for særskilde greiner av økonomisk verksemd eller særskilde bedrifter når det der kjem fram spesielle problem, under den føresetnaden at eit trygt og helsesamt arbeidsmiljø blir halde ved like. Før slike unntak blir gjort, skal staten ha rådført seg med dei mest representative organisasjonane av vedkommande arbeidsgjevarar og arbeidrarar, når det finst slike organisasjonar.

3. Denne konvensjonen gjeld og einmannsbedrifter, slik dette er fastsett nærare i nasjonale lover eller forskrifter.

Artikkel 2

I denne konvensjonen:

a) omfattar uttrykket «byggje- og anleggsverksemd»:

- (i) bygging, medrekna utgraving og oppføring, konstruksjonsendringar, modernisering, reparasjon, vedlikahald (medrek-

- na reingjering og måling) og riving av alle typar av bygningar eller konstruksjonar;
- (ii) anleggsverksemd, medrekna utgraving og oppføring, konstruksjonendringar, reparasjon, vedlikehald og riving av til dømes flyplassar, dokker, hamner, innanlands vassvegar, dammar, verneanlegg mot elvar, ras og sjø, vegar og motorvegar, jernbanar, bruer tunnelar og viaduktar og anlegg knytt til tenesteyting mellom anna for samferdsel, drenering, kloakk og for vassforsyning og energiforsyning,
 - (iii) oppføring og riving av prefabrikerte bygningar og konstruksjonar og tilverking av prefabrikerte element på byggeplassen;
- b) tyder uttrykket «byggje- og anleggsplass» alle byggeplassar der nokon av prosessane eller verksemdene i punkt a ovanfor blir utførte;
 - c) tyder uttrykket «byggje- og arbeidsplass» alle stader der arbeidrarar må vere eller gå for å få utført arbeidet sitt, når desse stadene er under kontroll av ein arbeidsgjevar, slik dette uttrykket er definert i punkt e nedanfor;
 - d) tyder uttrykket «arbeidar» alle personar som utfører byggje- og anleggsarbeid;
 - e) tyder uttrykket «arbeidsgjevar»:
 - i) alle fysiske eller juridiske personar som sysselset ein eller fleire arbeidarar på ein byggje- eller anleggsplass; og
 - ii) eventuelt hovudentreprenør, entreprenør eller underentreprenør;
 - f) tyder uttrykket «kompetent person» ein person som har fullgode kvalifikasjonar, til dømes høveleg opplæring og fullnøyande kunnskap, erfaring og dugleik til å kunne utføre det særskilde arbeidet på ein trygg måte. Vedkommande styresmakter kan definere passende kriterium for utpeiking av slike personar og kan fastsetje dei pliktene dei skal ha;
 - g) tyder uttrykket «stillas» alle mellombels festa, hengande eller rullande konstruksjonar saman med støttedelar når slike konstruksjonar blir brukte til å bere arbeidarar og materiale, eller for å gje tilgang til ein slik konstruksjon, og når det ikkje er tale om «lyfteinnretning», slik dette er definert i punkt h nedanfor;
 - h) tyder uttrykket «lyfteinnretning» alle faste eller rørlege innretningar som blir brukte til å heve eller senke personar eller gods;
 - i) tyder uttrykket «lyfteutstyr» alt utstyr for å feste gods til ei lyfteinnretning, men som ikkje er ein fast del av innretninga eller godset.

II Generelle reglar

Artikkel 3

Dei mest representative organisasjonene av vedkommande arbeidsgjevarar og arbeidarar skal rådspørjast om tiltak for å setje i verk reglane i denne konvensjonen.

Artikkel 4

Kvar medlemsstat som ratifiserer denne konvensjonen, forpliktar seg til på grunnlag av ei vurdering av den risikoen for tryggleik og helse det er tale om, å vedta og halde i kraft lover eller forskrifter som sikrar gjennomføring av reglane i denne konvensjonen.

Artikkel 5

1. Dei lover og forskrifter som blir vedtekne i samsvar med artikkel 4 ovanfor, kan fastsetje at dei i praksis blir iverksette gjennom tekniske standardar eller samlingar av rettleingar for praksis eller på annan høveleg måte som er i samsvar med nasjonale tilhøve og nasjonal praksis.

2. Ved iverksetjing av artikkel 4 ovanfor og punkt 1 her i artikkel 5 skal kvar medlemsstat ta rimeleg omsyn til relevante standardar vedtekne av godkjende internasjonale organisasjonar på standardiseringsområdet.

Artikkel 6

Med sikte på å fremje tryggleik og helse på byggje- og anleggsplassar skal det gjerast tiltak for å sikre at arbeidsgjevarar og arbeiddarar samarbeider i samsvar med ordningar som skal definerast i nasjonale lover eller forskrifter.

Artikkel 7

Nasjonale lover eller forskrifter skal krevje at arbeidsgjevarar og einmannsverksemdar har plikt til å rette seg etter dei tiltak for tryggleik og helse som er fastsette for arbeidsplassen.

Artikkel 8

1. I kvart tilfelle der to eller fleire arbeidsgjevarar samtidig driv verksemd på same byggje- eller anleggsplassen:

- a) skal hovudentreprenøren eller ein annan person eller eit anna organ med faktisk kontroll over eller hovudansvar for all verksemd på byggje- eller anleggsplassen, vere ansvarleg for å samordne dei fastsette trygging- og helsetiltaka og for å sikre at alle rettar seg etter desse tiltaka så langt som dette er i samsvar med nasjonale lover og forskrifter;
- b) så langt det er i samsvar med nasjonale lover og forskrifter, skal hovudentreprenøren – når han sjølv ikkje er til stades eller det heller ikkje er til stades ein annan person eller eit anna organ med faktisk kontroll over eller hovudansvar for all verksemd på byggje- og anleggsplassen – peike ut ein kompetent person eller eit kompetent organ på plassen med nødvendig autoritet og nødvendige middel for å sikre samordning og etterleving av dei fastsette trygging- og helsetiltaka, slik føresetnaden er i underpunkt a ovanfor;
- c) kvar arbeidsgjevar skal fremleis ha ansvar for å gjennomføre dei fastsette tiltaka for arbeidarar som er underordna han.

2. I kvart tilfelle der arbeidsgjevarar eller einmannsverksemdar samtidig driv arbeid på same byggje- eller anleggsplassen, skal dei ha plikt til å samarbeide om gjennomføring av dei fastsette tiltaka for tryggleik og helse, slik dei er utforma ved nasjonale lover eller forskrifter.

Artikkel 9

Dei som har ansvar for utforming og planlegging av byggje- og anleggsprosjekt, skal ta omsyn til tryggleik og helse for byggje- og anleggsarbeidarar i samsvar med lover, forskrifter og praksis i landet.

Artikkel 10

Nasjonale lover eller forskrifter skal fastsetje at arbeidarar på alle arbeidsplassar har rett og plikt til å vere med og sikre trygge arbeidsvilkår så langt dei har kontroll over utstyr og arbeidsmetodar, og at dei har rett og plikt til å leggje fram sitt syn på arbeidsordningar når dei verkar inn på tryggleik og helse.

Artikkel 11

Nasjonale lover eller forskrifter skal fastsetje at arbeidarar har plikt til å:

- a) ha så nært samarbeid som mogeleg med arbeidsgjevaren sin ved iverksetjing av dei fastsette tiltaka for tryggleik og helse;
- b) syne rimeleg omsorg for sin eigen tryggleik og si eiga helse og for tryggleik og helse for andre personar som kan bli påverka av at dei utfører ei handling under arbeidet eller let vere å utføre ho;
- c) bruke hjelpemiddel dei får til rådvelde og ikkje misbruke noko som dei har fått til vern for seg sjølve eller andre;
- d) å rapportere med ein gong alle situasjonar som etter deira meining kunne vere ein risiko, og som dei sjølve ikkje kan ordne opp i på ein høveleg måte; slik rapportering skal skje til deira næraste føresette og til verneombodet for arbeidarane, der det finst;
- e) rette seg etter fastsette trygging- og helsetiltak.

Artikkel 12

1. Nasjonale lover eller forskrifter skal fastsetje at ein arbeidar har rett til å fjerne seg frå fare når han har god grunn til å tru at han står like framfor ein alvorleg fare for tryggleiken og helsa si, og at han har plikt til straks å melde frå til næraste føresette.

2. Når arbeidarar står straks framfor ein fare for tryggleiken sin, skal arbeidsgjevaren med ein gong gjere tiltak for å stoppe drifta og eventuelt få bort arbeidarane.

*III. Førebyggjande tiltak og vernetiltak**Artikkel 13**Tryggleik på arbeidsplassar*

1. Alle eigna førebyggjande tiltak skal gjerast for å sikre at alle arbeidsplassar er trygge og utan risiko for tryggleik og helse for arbeidarane.

2. Trygg inngang til og utgang frå alle arbeidsplassar skal innretast og haldast ved like og eventuelt merkjast.

3. Alle eigna tiltak skal gjerast for å verne personar som er til stades på eller i nærleiken av byggje- eller anleggsplassen mot all fare som denne plassen kan føre med seg.

*Artikkel 14**Stillas og stigar*

1. Når det ikkje er trygt å utføre arbeidet frå bakken eller frå ein del av ein bygning eller annan fast konstruksjon, skal det skaffast og haldast ved like eit trygt og høveleg stillas, eller det skal gjerast eit anna tiltak som er like trygt og høveleg.

2. Når det ikkje finst andre trygge måtar å ta seg fram til arbeidsplassar over bakken på, skal det skaffast høvelege og gode stigar. Dei skal vere forsvarleg sikra mot ufrivillig rørsle.

3. Alle stillas og stigar skal byggjast og brukast i samsvar med nasjonale lover og forskrifter.

4. Ein kompetent person skal føre tilsyn med stillas i dei tilfelle og til dei tider som skal vere fastsette ved nasjonale lover eller forskrifter.

Artikkel 15

Lyfteinnretningar og lyfteutstyr

1. Kvar lyfteinnretning og kvart stykke lyfteutstyr og delar som høyrer til, medrekna feste, forankringar og støtter, skal:

- a) vere godt utforma og konstruert med materiale av god kvalitet og fullgod styrke for det føremålet dei skal brukast til,
- b) monterast og brukast på rett måte,
- c) haldast ved like slik at dei verkar godt i arbeidet,
- d) granskast og prøvast av ein kompetent person til dei tider og i dei tilfelle som skal vere fastsette ved nasjonale lover eller forskrifter, og resultatane av desse undersøkingane og prøvene skal registrerast,
- e) drivast av arbeidarar som har fått passande opplæring i samsvar med nasjonale lover og forskrifter.

2. Ingen person skal lyftast, senkast eller førast av ei lyfteinnretning utan at ho er konstruert og montert og blir brukt for det føremålet i samsvar med nasjonale lover og forskrifter, bortsett frå i ein naudssituasjon der det kan skje alvorleg personskade eller dødsulukker. Det er då ein føresetnad at lyfteinnretninga kan brukast i full tryggleik.

Artikkel 16

Transport, utstyr for graving og handsaming av materiale

1. Alle kjøretøy og alt utstyr for graving og handsaming av materiale skal:

- a) vere godt utforma og konstruert, slik at ergonomiske prinsipp, så langt råd er, er tekne omsyn til,
- b) haldast ved like slik at dei verkar godt i arbeidet,
- c) brukast på rett vis,
- d) køyrast og brukast av arbeidarar som har fått høveleg opplæring i samsvar med nasjonale lover og forskrifter.

2. På alle bygge- og anleggsplassar der det blir brukt kjøretøy og utstyr for graving og handsaming av materiale:

- a) skal det sørgjast for trygge og høvelege tilgangsveggar for dei; og
- b) skal trafikken organiserast og kontrollerast slik at ein sikrar trygg drift av dei.

Artikkel 17

Fastmonterte og mobile maskinar, utstyr og handverktøy

1. Fastmonterte og mobile maskinar og utstyr, medrekna handverktøy både med og utan motor, skal:

- a) vere godt utforma og konstruert, slik at ergonomiske prinsipp så langt råd er, blir tekne omsyn til;
- b) haldast ved like slik at dei verkar godt i arbeidet;
- c) berre brukast til arbeid som dei er utforma for, bortsett frå det tilfellet at ein kompetent person har komme fram til at det er trygt å bruke dei til føremål utanfor det som dei opphavleg var meinte for;
- d) nyttast av arbeidarar som har fått høveleg opplæring.

2. Der det høver, skal fabrikanten eller arbeidsgjevaren sørge for fullgod instruksjon for trygg bruk i ei form som brukarane kan forstå.

3. Trykkanlegg og trykkutstyr skal undersøkjast og prøvast av ein kompetent person i dei tilfelle og til dei tider som er fastsette ved nasjonale lover eller forskrifter.

Artikkel 18

Arbeid høgt oppe, medrekna takarbeid

1. Når det er nødvendig for å tryggje mot fare, eller når høgda på eit bygg eller ein konstruksjon, eller skråninga det har, er større enn det som er fastsett ved nasjonale lover eller forskrifter, skal det gjerast førebyggjande tiltak for å hindre fall av arbeidarar, reiskap eller andre gjenstander eller materiale.

2. Når det blir kravd av arbeidarar at dei skal arbeide på eller nær tak eller andre stader som er dekte med skøyrt materiale som det er mogleg å falle igjennom, skal det gjerast førebyggjande tiltak så dei ikkje av vanvare skal trø på eller falle gjennom det skøyre materialet.

Artikkel 19

Utgravingar, sjakter, grunnarbeid, arbeid under dagen og tunnelar

Fullgode førebyggjande tiltak skal gjerast ved all utgraving, sjakter, grunnarbeid, arbeid under dagen eller i tunnelar:

- a) ved høveleg avstøtting eller ved at ein på anna høveleg vis tryggjar arbeidarane mot faren ved å falle eller mot at jord, stein eller anna materiale rasar ut;
- b) for å verne mot fare for at personar, materiale eller gjenstandar fell ned, eller at vatn fløymer inn i utgravingar, sjakter, grunnarbeid, arbeid under dagen eller tunnelar;
- c) for å sikre fullgod ventilasjon på alle arbeidsplassar og slik halde ved like ein luftkvalitet som er brukbar til å puste i og avgrense røyk, gassar, dampar, støv eller anna ureining til nivå som ikkje er farlege eller helseskadelege og ligg innanfor grenser som er fastsette ved nasjonale lover eller forskrifter;
- d) å gjere det mogleg for arbeidarane å komme seg til ein trygg stad i tilfelle av brann, flaum eller ras;
- e) å unngå risiko for arbeidarane som har samanheng med moglege farar under dagen, til dømes væske eller gasslommer, ved å setje inn eigna gransking for å finne ut kor farane er.

Artikkel 20

Fangdammar og senkekasser

1. Alle fangdammar og senkekasser skal vere:

- a) godt konstruerte og av høveleg og godt materiale og med fullgod styrke;
- b) godt nok utstyrte til at arbeidarane kan redde seg i tilfelle av flaum eller ras.

2. Bygging, plassering, endring eller riving av fangdammar eller senkekasser skal berre skje under direkte tilsyn av ein kompetent person.

3. Ein kompetent person skal med fastsette mellomrom føre tilsyn med alle fangdammar og senkekasser.

*Artikkel 21**Arbeid i luft under trykk*

1. Arbeid i luft under trykk skal berre utførast i samsvar med tiltak fastsette ved nasjonale lover eller forskrifter.

2. Arbeid i luft under trykk skal berre utførast av arbeidarar som er fysisk skikka for slikt arbeid når dette er blitt slått fast ved legegransking, og når ein kompetent person er til stades for å føre tilsyn med korleis arbeidet blir drive.

*Artikkel 22**Rammekonstruksjonar og forskaling*

1. Oppsetjing av rammekonstruksjonar og element til dei, forskaling, dekkreissystem og avstiving skal berre skje under tilsyn av ein kompetent person.

2. Det skal sørgjast for fullgode førebyggjande tiltak for å verne arbeidarane mot fare frå mellombels veikskap eller mangel på stabilitet ved eit bygg eller anlegg.

3. Stillas, dekkreissystem og avstiving skal vere utforma, konstruerte og haldne ved like på ein slik måte at dei trygt kan greie den vekta som blir lagd på dei.

*Artikkel 23**Arbeid over vatn*

Når arbeid blir utført over eller heilt nær vatn, skal det på ein fullgod måte sørgjast for at:

- a) ein hindrar arbeidarane i å falle i vatnet;
- b) arbeidarar blir berga når dei er i fare for å drukne;
- c) det finst trygg transport i stort nok omfang.

*Artikkel 24**Riving*

Når riving av ein bygning eller ein konstruksjon kan føre med seg fare for arbeidarar eller for allmenta:

- a) skal det vedtakast høvelege tiltak, metodar og framgangsmåtar, medrekna slike som fastset korleis ein blir av med avfall eller leivningar i samsvar med nasjonale lover eller forskrifter;
- b) skal arbeidet planleggjast og utførast berre når det står under tilsyn av ein kompetent person.

*Artikkel 25**Lys*

Alle arbeidsplassar og alle andre stader på byggje- eller anleggsplassen der arbeidarar må gå gjennom, skal utstyrast med fullgodt og passande lys, medrekna – der det høver best – berbart lys.

*Artikkel 26**Elektrisitet*

Alt elektrisk utstyr og alle elektriske installasjonar skal vere konstruerte, monterte og haldne ved like av ein kompetent person, og nyttast på ein slik måte at det gjev vern mot fare.

2. Før bygge- eller anleggsverksemd tek til, og medan ho er i gang, skal det gjerast fullgode tiltak for å greie ut om det finst fare for arbeidarane frå elektriske straumførande kablar eller apparat under, over eller på plassen. Det skal òg gjerast fullgode tiltak for å verne mot slik fare.

3. Legging og vedlikehald av elektriske kablar og apparat på bygge- og anleggsplassar skal følgje dei tekniske reglane og standardane som gjeld for heile landet.

Artikkel 27

Sprengstoff

Sprengstoff skal ikkje lagrast, transporterast, handsamast eller brukast utan at:

- a) det skjer under tilhøve som er fastsette ved nasjonale lover eller forskrifter;
- b) arbeidet blir utført av ein kompetent person som skal gjere naudsynte tiltak for å sikre at arbeidarane og andre personar ikkje blir utsette for skaderisiko.

Artikkel 28

Helserisiko

1. Når ein arbeidar kan bli utsett for så stor kjernisk, fysisk eller biologisk risiko at det kan vere farleg for helsa, skal det gjerast høvelege førebyggjande tiltak for å hindre ei slik påkjenning.

2. Til dei førebyggjande tiltake som er nemnde i punkt 1 ovanfor, høyrer:

- a) at stoff som det følgjer risiko med, skal erstattast av stoff som er uskadelege eller mindre risikofylte i alle tilfelle der det er mogeleg; eller
- b) at tekniske tiltak blir sette i verk på anlegg, maskinar utstyr eller prosessar; eller
- c) andre effektive tiltak, medrekna bruk av personleg verneutstyr og verneklede, når det ikkje er mogeleg å rette seg etter underpunkt a eller b ovanfor.

3. Når det blir kravd at arbeidarar skal gå inn i eit område der det kan være giftige eller skadelege stoff, mangel på oksygen eller brennbar luft, skal det gjerast fullgode tiltak til vern mot fare.

4. På ein bygge- eller anleggsplass skal avfall ikkje tilinkjegerast når det kan vere helseskadeleg, heller ikkje skal ein i eit slikt tilfelle kvitte seg med avfallet på bygge- eller anleggsplassen på anna vis som er helseskadeleg.

Artikkel 29

Førebyggjande tiltak mot brann

1. Arbeidsgjevaran skal gjere alle høvelege tiltak for:

- a) å unngå risiko for brann;
- b) å slå til raskt og effektivt når det tek til å brenne;
- c) sørge for at dei personar det gjeld, kan komme seg bort raskt og trygt.

2. For brennbare væsker, faste stoff og gassar skal det ordnast med eigna og stor nok lagringsplass.

*Artikkel 30**Personleg verneutstyr og verneklede*

1. Når ein ikkje med andre verkemiddel kan sikre fullgodt vern mot risiko for ulukke eller helseskade, medrekna situasjonar der arbeidarane blir utsette for uheldige tilhøve, skal arbeidsgjevaren stille til rådvelde og halde ved like eigna personleg verneutstyr og verneklede alt etter den typen arbeid og risiko det gjeld. Dette skal skje utan kostnad for arbeidarane og slik som det kan vere fastsett i nasjonale lover og forskrifter.

2. Arbeidsgjevaren skal utstyre arbeidarane med eigna middel for å setje dei i stand til å bruke det individuelle verneutstyret. Han skal òg forvise seg om at det blir brukt på rett vis.

3. Verneutstyr og verneklede skal vere i samsvar med normer fastsette av vedkommande styresmakter, medan ein så langt råd er, tek omsyn til ergonomiske prinsipp.

4. Det skal vere eit krav til arbeidarane at dei bruker det personlege verneutstyret og verneklede som dei har fått til rådvelde, på rett vis, og at dei tek godt vare på det.

*Artikkel 31**Førstehjelp*

Arbeidsgjevaren skal ha ansvar for å forvise seg om at førstehjelp, medrekna opplært personale, er tilgjengeleg til kvar tid. Det skal innførast ordningar for å sikre at arbeidarar som har vore ute for ulukke eller brå sjukdom, blir førte til legebehandling.

*Artikkel 32**Velferd*

1. Det skal skaffat fram helsesamt og nok drikkevatt på eller i nærleiken av alle byggje- og anleggsplassar.

2. På eller i nærleiken av alle byggje- og anleggsplassar skal desse innretningane skaffast og haldast ved like, alt etter kor mange arbeidarar det finst, og kor lenge arbeidet varer:

- a) sanitær og vaskeinnretningar;
- b) innretningar for byte av klede og for lagring og tørking av klede;
- c) lokale for å halde måltid og for å søkje livd når dårleg vær gjer at arbeidet må avbrytast.

3. Det skal innrettast skilde sanitær- og vaskerom for mannlege og kvinnelege arbeidarar.

*Artikkel 33**Opplysning og opplæring*

Arbeidarane skal på fullgod og høveleg vis:

- a) få opplysning om moglege risiko for tryggleik og helse som dei kan bli utsette for på arbeidsplassen;
- b) få instruksjon og opplæring om dei tiltaka som finst for å hindre og greie opp med og for å verne mot slik risiko.

*Artikkel 34**Melding om ulukker og sjukdommar*

Nasjonale lover eller forskrifter skal innføre plikt til å sende melding til vedkommende styresmakter om arbeidsulukker og yrkessjukdommar innan ei fastsett tid.

*IV Gjennomføring**Artikkel 35*

Kvar medlemsstat skal:

- a) gjere alle naudsynte tiltak, medrekna innføring av høvelege tiltak for straff og oppretting, for å sikre effektiv gjennomføring av reglane i denne konvensjonen;
- b) skipe høvelege tilsynstenester for å føre tilsyn med gjennomføringa av tiltak som er gjorde i samsvar med denne konvensjonen, og utstyre desse tenestene med dei ressursane som er naudsynte for å utføre oppgåvene deira, eller forvise seg om at høveleg tilsyn blir utført.

*V Sluttreglar**Artikkel 36*

Denne konvensjonen reviderer konvensjonen av 1937 om tryggingsreglar i byggjeverksemd.

Artikkel 37

Dei formelle ratifikasjonane av denne konvensjonen skal sendast til Generaldirektøren for Det internasjonale arbeidsbyrået til registrering.

Artikkel 38

1. Denne konvensjonen skal berre vere bindande for dei medlemsstatane i Den internasjonale arbeidsorganisasjonen som har fått ratifikasjonane sine registrerte hos Generaldirektøren.

2. Han skal ta til å gjelde 12 månader etter den dagen da ratifikasjonane for to medlemsstatar er blitt registrerte hos Generaldirektøren.

3. Etter den tid skal denne konvensjonen ta til å gjelde for ein medlemsstat 12 månader etter den dagen da han har fått ratifikasjonen sin registrert.

Artikkel 39

1. Ein medlemsstatt som har ratifisert denne konvensjonen, kan – når ti år har gått frå den dagen da konvensjonen tok til å gjelde – seie han opp ved å sende melding om dette til Generaldirektøren for Det internasjonale arbeidsbyrået til registrering. Slik oppseiing tek ikkje til å gjelde før eitt år etter at ho er registrert.

2. Kvar medlemsstat som har ratifisert denne konvensjonen, og som ikkje innan eit år etter utgangen av den tiårsperioden som er nemnd i føregåande punkt, gjer bruk av den oppseiingsretten som er fastsett i denne artikkelen, er bunden i ti år til, og kan deretter seie opp denne konvensjonen ved utgangen av kvar tiårsperiode på dei vilkår som er fastsette i denne artikkelen.

Artikkel 40

1. Generaldirektøren for Det internasjonale arbeidsbyrået skal underrette alle medlemsstatane i Den internasjonale arbeidsorganisasjonen om registrering av alle ratifikasjonar og oppseiingar som medlemsstatane i organisasjonen har sendt han.

2. Når Generaldirektøren melder frå til medlemsstatane i Organisasjonen om registreringa av den andre ratifikasjonen som han har fått tilsendt, skal han gjere medlemsstatane merksam på den dagen da konvensjonen tek til å gjelde.

Artikkel 41

Generaldirektøren for Det internasjonale arbeidsbyrået skal sende Generalsekretæren for Dei sameinte nasjonane fullstendige opplysningar om alle ratifikasjonar og oppseiingar som han registrerer etter reglane i dei føregåande artikkelane så dei kan bli registrerte i samsvar med artikkel 102 i Pakta for Dei sameinte nasjonane.

Artikkel 42

Styret for Det internasjonale arbeidsbyrået skal, når det finn det naudsynt, leggje fram for Arbeidskonferansen ei melding om korleis denne konvensjonen har verka, og undersøkje om det er ynskjeleg å setje spørsmålet om heil eller delvis revisjon av konvensjonen opp på saklista for Konferansen.

Artikkel 43

1. Dersom Konferansen vedtek ein ny konvensjon som endrar denne konvensjonen heilt eller delvis, og ikkje noko anna er fastsett i den nye konvensjonen, skal:

- a) det at ein medlemsstat ratifiserer den nye reviderande konvensjonen ipso jure innebere at denne konvensjonen straks blir oppsagd utan omsyn til reglane i artikkel 39 ovanfor, under den føresetnaden at den nye reviderande konvensjonen har teke til å gjelde;
- b) frå den dagen da den nye reviderande konvensjon tek til å gjelde, skal denne konvensjonen ikkje lenger vere open for ratifikasjon av medlemsstatar.

2. Denne konvensjonen skal i alle tilfelle halde fram med å gjelde i si noverande form og med sitt noverande innhald for dei medlemsstatane som har ratifisert han, men som ikkje har ratifisert den reviderande konvensjonen.

Artikkel 44

Dei engelske og franske versjonane av teksta i denne konvensjonen gjeld likt.